

KJELL HERHEIM | NILS KVAMSDAL

VOSS

SKALD



Bunadssølv har i mange år vore ei av Voss sine sterke merkevarer. Her syner Isobel Johannesen fram Sylvsmidja si nye utstillingsdokke i komplett bunad, inklusive bunadssølv. Året er 1977.

I 1978 fekk Sigbjørn Bernhoft Osa sydd seg ein smoking hjå skreddar Andreas Mandelid i Strandavegen. Sjølv om Osa var mest kjend for hardingfela si, var han utdanna fiolinist. Og som konsertfiolinist hørde smokingen til.





1960, ei tid der lakselordane dominerte, og Vosso var ei av våre mest berømte lakseelvar, med sin eigen storvaksne laksestamme. På den tida var det ikkje uvanleg å kle seg i fintøyet, ta laks og kleppar med seg og gå i studio for å ta bilete av storkulten. Klepparen til høgre er frå Bulken og heiter Olav Smith. Fiskaren er høgst truleg ein engelsk turist.



Glade laksar. Åsmund Hardeland (t.v.) og Sjur Endeve, avfotograferte i bakgården til S. Endeve Sportsforretning ein sommardag i 1956. Dei tre fine laksane var tekne i Vosso. Hardeland var sykkelreparatør og verkstadmann i sportsforretninga til S. Endeve – i tillegg til ivrig sportsfiskar.





A-laget til Voss i 1972, i fotballklubben sin «gullalder». Framme frå venstre: Bernt Otto Sævig, Lars Nesheim, E. Nordberg, Edvard B. Hegbom, Dag Christensen, Bjarne Bergstrøm, Kjell Ove Baartvedt. Bak frå venstre: Arild Nakken, Jostein Finne, Asbjørn Nilsen, Nils Trettenes, Magne Sørestrand, Bjørn Mæland og Kåre Sannheim.

Haugamoen gutelag, anno 1966. Lensmannsbetjent Leif Walberg var ei ivrig drivkraft i vossafotballen, og her stiller han i sitt faste antrekk på alle fotballkampar: dress og slips! Og jammen stod han i ro lenge nok til at fotografen rakk å ta biletet. Gutane rundt han er bak frå venstre: Ove Johan Himle, Stig Johan Olsen, Aril Tillung, Arne Bere, Leik Slettemark og Arild Stalheim. Framme frå venstre: Geir Tillung, Geir Eikefjord, Åge Tillung, Eiliv Gjerald og Jan Rune Lavik.



folk og fe

FOLK OG FE

Ei kvar bygd, ein kvar tettstad, har sine kjende andlet. Menneske alle veit kven er, jamvel om dei ikkje kjenner dei personleg. Menneske som på ein eller annan måte stig fram frå den gråe massen og vert allemannseige. Nokon vert slike kjende andlet i kraft av det dei gjer eller har gjort, andre i kraft av eigenskapar, fysisk framtoning eller veremåte. Ein del menneske er også uløyseleg knytte til gjenstandar dei omgjev seg med. Som Alf Borge og ryggsekken hans.

Men yrkesfotografen Herheim vandra også gatelangs og tok bilete av mannen og kvinna i gata, utan anna omsyn enn at dei utgjorde gode motiv der og då. Dette kunne vera menneske han tilfeldig treffe, eller menneske som var til stades på arrangement og tilskipingar av ulikt slag. Med sine lange jordbrukstradisjonar har husdyrhaldet alltid stått sterkt i vossebygda. Det å kunna ala fram dei beste mjølkekyrne, dei beste hestane – både til arbeid og sport – dei flottaste vêrane, dei beste lamma og dei sværaste purkene har alltid hatt status her i bygda.

Så vart då også dei årvisse husdyrmønstringane reine folkefestar, der bøndene dressa seg opp i finpussen før dei mønstra sine beste dyr. Dress, hatt og støvlar var standardutrusting desse dagane. Og bondekonene hadde hendene fulle med å syta for at folkehopen fekk servert tradisjonsrike lekkerbiskenar – og kokekaffi frå svære kjelar.





Dyreparade under Vossamønstringa 1964. Sauebonden Eirik Bryn dreiv også med grisar, og den skotske border collien hans, Lord, kunne brukast til meir enn å gjeta sauene. Her driv han ei grisepurke med fire ungar gjennom gatene på Vangen – medan store og små vossingar følgjer etter i flokk og følgje. Like bak Lord kjem heradsagronom Nils Lyngnes i klassisk positur – med kameraet som alltid klart der det fanst husdyr å fotografera.



Prins Charles av Wales (midt i fremste rekkja) gjesta dei engelske fallskjermjegrane, som han er øvste befall for, under vinterøvinga i 1985. Det var bitande kaldt, 20 kuldegrader, og det var vanskeleg for Kjell Herheim å få kameraet til å fungera. Likevel måtte både fotograf og soldatar tolmodig venta, medan Charles leika seg rundt på flystripa i ei lita stridsvogn.



Samkome på Liland Hotell, der antrekket var «casual wear». Ordfører Peder Vangnesnes stilte i heimastrikka genser, medan oberst Ole Børsheim var litt meir formell i tøyet. Begge i hyggeleg passiar med britiske kronprins Charles.

Prins Charles i stridsvogn på Bømoen.



